

# Årsmelding

## Ålfotbreen landskapsvernområde

### 2018



Lavesteinen i Hope, Hyen.

Foto: Alf Erik Røyrvik

Alf Erik Røyrvik  
Verneområdeforvaltar

## **1. Generelt**

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009. Verneområdet er på 226 km<sup>2</sup> og ligg i kommunane Flora, Bremanger og Gloppen. Det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011 og sidan det har verneområdet blitt forvalta gjennom lokal forvaltning.

Ålfotbreen landskapsvernombordet er eit verneområde med krevjande klima og topografi. Store delar av området er vanskeleg tilgjengeleg og det er få bygningar eller andre installasjonar inne i verneområdet. Dette gjer sitt til at saksmengde og aktivitet generelt inne i verneområdet er mindre enn mange andre store verneområder. Samstundes gjev eit sopass urørt område gode sjansar for flotte opplevingar i storslått natur.

### **Styret**

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernombordet i 2016. Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2015 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det sitjande Ålfotbreen verneområdestyre konstituerte seg på styremøte 5.april 2016.

Verneområdestyret for perioden 2016-2019 er samansett slik:

Verv	Namn	Representerar	Vararepresentant
Leiar	Hege Lothe	Gloppen kommune	Per Rune Vereide
Nestleiar	Marius Strømmen	Bremanger kommune	Audun Åge Røys
Medlem	Jan Henrik Nygård	Flora kommune	Trine Hovland
Medlem	Gunn Karin Sande	Fylkeskommunen	Harald Bjarte Reite

NB: Frå Bremanger kommune var det først Røys som vart utnemnd som fast representant og Strømmen som vara. Her vart det gjort eit formelt bytte i desember 2016, slik at det no er Strømmen som er fast representant.

Styret har hatt to styremøte i 2018, på Sandane 16. mars og i Florø 21. november. I desse møta har det vore handsama totalt 13 styresaker, og det har vore to referatsaker.

Delar av styret var på synfaring/tur på Hyefjorden og Nordfjorden 28. mai. Vi såg då på det urørte landskapet langs fjorden og dei veglause gardane.

## 2. Saker

Saksmengda i Ålfotbreen er framleis låg. Få bygningar, lite aktivitet og krevjande terregn avgrensar behovet for transport og anna motorferdsel. Dei motorferdselsakene som vert handsama, er som regel knytt til vassdrag og kraftproduksjon. Faste og jamlege behov vert dessutan oftast ordna med fleirårige løyve, slik at ein slepp sakshandsaming kvart år.

Styret har delegert mynde til verneområdeforvaltaren i kurante saker under visse vilkår. Forvaltaren har handsama tre delegerte saker i 2018. Alle gjaldt motorferdsel.

### Motorferdsel:

- Norges vassdrags- og energidirektorat fekk løyve til å lande med helikopter ved ein målestasjon i Skjerdalen mai og juni, i samband med naudsynt tilsyn og vedlikehald av målestasjonen. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- COWI AS fekk løyve til å fly lågt over Skjerdalsvatnet i samband med taking av vassprøver hausten 2018. Flyginga vart ikkje gjennomført då prøvetakinga vart utsett.
- Sogn og Fjordane Energi (SFE) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fekk i desember fornya sitt fleirårige løyve til helikopterlandinger og snøskuterbruk i samband med bremålingar og tilsyn. Det nye løyvet gjeld for perioden frå 2019 til og med 2022.

### Besøksstrategi:

Sommaren 2018 vart besøksstrategien for Ålfotbreen landskapsvernombude fagleg godkjent før høyring av Miljødirektoratet. Dokumentet låg ute på høyring ein periode utover hausten. Dei innspela som kom inn i høyringa vart gjennomgått av styret på siste styremøte. Endelig versjon vil vere klar for endelig godkjenning i Miljødirektoratet i januar 2019.

I tillegg til desse sakene og tema har styret jobba med nokre faste, administrative saker.

hausten

### 3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

2018	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars	Budsjett	Kostnadars
Lønn og sosiale utg		693 822				
Drift forvaltar og knutepunkt		81 581				
Drift styre	170 000	112 068	90 000	81 845	80 000	30 223
Planarbeid	50 000	0	50 000	0	0	0
Tiltaksmidlar	884 000	751 824	564 000	443 509	320 000	308 315
<b>Tot</b>	<b>1 639 295</b>	<b>704 000</b>	<b>525 354</b>		<b>400 000</b>	<b>338 538</b>

Mellom anna grunna at det ikkje vart gjennomført so mange styremøter som det var budsjettert for, so brukte vi langt mindre midlar til drift av styra enn vi hadde tildelt. Dette vil og variere noko frå år til år, i 2017 brukte om lag alle driftsmidlane.

Vi fekk bra med tiltaksmidlar i 2018, og vi brukte nesten alt. Meir detaljert om korleis midlane vart nytta i kap 4. Nokre utgifter som gjaldt 2017 vart belasta rekneskapen for 2018.

Generelt sett kan vi seie at drift og bruk av midlar er innanfor budsjetta og at vi har god kontroll på forbruket.

## 4. Tiltak / bruk av midlar

Ålfotbreen verneområdestyre fekk 320.000 i tiltaksmidlar for 2018. Dei vart nytta slik det går fram i tabellen under.

Tiltak / prosjekt	Søkt om	brukt
Hope-Lavesteinen	250 000	204 750
Grus på vegn Hope-Nakkane	40 000	30 000
Informasjonsskilt	100 000	0
Stige ved Blåbrebu	20 000	30 975
Rydde sti frå Førdedalen til hylle 7	10 000	10 000
Nettside		32 590
Totalt		<b>308 315</b>

Utbetring av stien frå Hope til Lavesteinen har vore prioritert i 2018, og arbeidet vil halde fram i 2019. Stientraseen er lagt om på delar av strekninga, og stien er forbetra der kor det til no har vore veldig vått og myrete.

Oppsetting av informasjonsskilt må vente til besøksstrategien er klar og godkjent. Vart derfor sett på vent i 2018, men det er søkt om friske midlar til det i 2019.

Fleire av tiltaka her er fleirårige tiltak/prosjekt som vil halde fram i 2019.

## 5. Rådgjevande utval

Rådgjevande utval for Ålfotbreen landskapsvernombord vart oppretta i 2014. Utvalet består av representantar frå ulike verksemder og organisasjonar, og dessutan ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune. Utvalet er samansett slik:

- Sogn og Fjordane Energi
- Svelgen Kraft
- Sogn og Fjordane Turlag
- Naturvernforbundet
- Visit Fjordkysten
- Visit Nordfjord
- Nordfjord Folkehøgskule
- Martin K. Førde – grunneigar Bremanger
- Leidulv Solvang – grunneigar Flora
- Arild Straume – grunneigar Gloppen

Utvalet hadde eit møte i 2018. Det var på Sandane 26. oktober.

Verneområdestyret har vedteke å evaluere og reoppnemne Rådgjevande utval i 2019.

## 6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernområde.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både under planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2017:

- 28.-30. mai, Utladalen, Samling naturmangfaldseksjonane SF og HO.
- 16.-17. oktober, Trondheim, Miljøfagkonferanse
- 26.-27.november, Myrdalen, Verksemindsplanlegging med Miljøavdelinga

Foredrag og liknande

- Februar (?), Foredrag for studentar ved Høgskulen i Volda.
- 1. juni, Foredrag/feltdag med klima- og miljøelevar frå Firda vgs
- 18. oktober, Innlegg om verneområdeforvaltning og Naustdal-Gjengedal på haustmøtet til Villreinnemnda i Sogn og Fjordane.
- 31. oktober, Foredrag om verneområdeforvaltning med meir for kommunestyret i Gloppen

Møteverksemnd

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2018. Mellom anna:

- Avdelingsmøter, faggruppemøter, personalsamlingar og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane
- Møter med miljørådgjevarane til SFE
- Møter med destinasjonsselskap og reiselivsverksemder.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

Verneområdeforvaltaren er tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Frå og med 2019 vil fylkesmannsembetet vere slått saman med FM Hordaland til Fylkesmannen i Vestland. Det vil verte nokre organisatoriske endringar for dei tilsette, men samanslåinga vil truleg ikkje påverke arbeidet som verneområdeforvaltar og sekretær for verneområdestyret i særleg grad.

## 7. Bilete frå 2018



**Bilete 1.** Naturoppsyn Rune sjekkar eit område ved Hyefjorden kor vi fjerna eit granfelt i 2012. Han kan konstatere at grana er vekke og ramslauken har teke over.



**Bilete 2.** Fjellsida langs Hyefjorden er eit levande landskap. Her har eit steinsprang sett spor etter seg.



**Bilete 3.** Delar av Ålfotbreen verneområdestyre saman med SNO, forvaltar og lokalpressa på synfaring på Hyefjorden og Nordfjorden. Lunsj i Colombusparken i Hyen.



**Bilete 4.** Dei veglause gardane på Mettenes. Her held grunneigarane på å bygge ny, skjerma kai ved fjorden. Forvaltningen har bidrege økonomisk mot at ålmenta får bruke anlegget.



Bilete 5. Skeistrand. Ein annan av dei veglause gardane langs fjorden.



Bilete 6. Utbetring av stien til Lavestenen i Hope. Fast fjell er godt å gå på.



**Bilete 7.** Utbetring av sti til Lavestenen. Det er avgjerande å få kontroll på vatnet og då er steinsette grøfter både effektive og estetiske.



**Bilete 8.** Utbetring av stien til Lavestenen. Trapper bygd av stadeigen stein.

Alle foto: Alf Erik Røyrvik.